

Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 · 2025
96. årgang



*Velkomen med bornet ditt til dåp i kyrkja.
På biletet ser me familien Skårnes-Skogsjord som hadde dåp av
Jenny i Flatdal kyrkje februar 2025. Foto: Victor Junerud*

Redaksjon

post@seljordkyrkje.no
Bankgiro: 2711.20.31826
VIPPS: #650484

Stab

Sokneprest: Dag Harald Undheim
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje: Petter Jakobsen
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Diakon: Ingunn Liseter
976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kantor: Kjetil Bergheim
918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenar:
Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943

Einar Heggveit
958 75 756

Sokneråd
Leiar: Bergit L. Telnes
906 91 674 | telnesbergit@gmail.com

Heimeside
www.seljordkyrkje.no

Dødskreftene må vike

Djupast sett handlar den kristne påskefeiringa om to ting: Forsoning og siger over dødskreftene. Er det noko me treng meir enn noko anna akkurat no, så er det jo faktisk dette: Forsoning og siger over dødskreftene!

Kvar einaste dag dør langt over tusen menneske i krigshandlingar i Ukraina, i Sudan, på Gaza og i eit titals andre konfliktområde i verda. Uforsonlege konflikhtar splittar både folkeslag og einskildmenneske.

Konflikt er i seg sjølv eit heilt naturleg fenomen der menneske med engasjement møtest. Men konflikhtar er til for å løysast i respekt for kvarandre for å finna nye felles mål. For når konflikhtar derimot vert uforsonlege, er vegen kort til at dødskreftene koplar seg på, desse kreftene som gjer at alle taper. Ikke berre vert det økonomisk tap, prestisjetap og tap av posisjonar. Når dødskreftene får spelerom, taper me vår evne til å vera menneskelege, til å sjå den andre som eit like verdfullt levande vesen som oss sjølve.

Ved Jesu død på Golgata for våre synder, er vegen open for at me alle kan leggja frå oss våre uforsonlege sider og på nytt forsonast med Gud og med nesten vår. Grunnlaget er lagt, ingen av oss er lenger avskorne frå å leva forsona liv. Som om ikkje dette er nok, ved oppstoda frå dei døde tredje dagen, vart det

heile overtydeleg: Døden må vika for Guds krefter! For Jesu oppstode frå dei døde var ikke ei eingongshending. Jesus var den første, men han skal slett ikkje vera den siste. Nei, opp skal me alle saman den dagen Jesus kjem att!

Dødskreftene lever framleis i vår verden, men dei står for fall. Difor er det vårt kall å kjempe for forsoning og kjempe saman med livskreftene så lenge me lever her!

Asgeir Sele



Øvre Telemark Begravelsesbyrå
Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

Alt innen gravferd.
 Oppsett og oppussing av gravstein.
 Stell av gravminne.

telemarkbegravelse.no

tlf. 466 90 000 | post@telemarkbegravelse.no
 Mosasida 215, 3840 Seljord

Trygt, omsorgsfullt og verdig

Påska 2025 i Seljord sokn

Velkomen til påskefeiring i kyrkjene våre påska 2025. Slik ser programmet ut dei ulike påskedagane:

Palmesundag: Messe i Flatdal kyrkje kl 11,00
skjærtorsdag: Messe i Åmotsdal kyrkje kl 11,00
skjærtorsdag: Messe i Nutheim kapell kl 19,00
Langfredag: Messe i Seljord kyrkje kl 11,00
1.påskedag: Høgtidsmesse i Seljord kyrkje kl 11,00
1.påskedag: Høgtidsgudsteneste i Svartdal kapell kl 15,00



Alle er velkomne.

Vest-Telemark

GRAVFERDSBYRÅ

**Tidlegare Tokke begravelsesbyrå
og Seljord gravferdsbyrå**

**DØGNVAKT
928 13 634**

**Gravferdstenester. Gravstein.
Omsliping, påskrift, vask og oppussing
av eldre gravstein.**

www.vtgravferd.no

Hill deg Frelser og forsoner

Hill deg, Frelser og forsoner!
Verden deg med torner kroner,
du det ser: jeg har i sinne
rosenkrans om kors å vinde,
gi meg dertil mot og hell!

Hva har deg hos Gud bedrøvet,
og hva elsket du hos støvet,
at du ville alt oppgive
for å holde oss i live,
gi deg til oss fullt og helt?

Kjærligheten, hjertegløden
sterkere var her enn døden.
Du for vår skyld alt forsaker,
og i lydighet du smaker
korsets død i alles sted.

Akk, nå føler jeg til fulle
hjertets hårdhet, hjertets kulde!
Hva sprang ut av disse fjelle
navnet verdt til å gengjelde,
Frelser, all din kjærlighet?

Dog jeg tror: Av dine vunder
vell sprang ut til stort vidunder,
mektig til hver sten å velte,
til et isberg selv å smelte,
til å tvette hjertet rent.

Derfor ber jeg deg med tårer:
Led den inn i mine årer,
floden som kan klipper velte,
floden som kan isberg smelte,
som kan blodskyld tvette av!



Du som har deg selv meg givet,
la i deg meg elske livet,
så for deg kun hjertet banker,
så kun du i mine tanker
er den dype sammenheng.

Ja, jeg tror på korsets gåte
gjør det, Frelser, av din nåde.
Stå meg bi når fienden frister,
rekk meg hånd når øyet brister,
si: Vi går til Paradis!

Nikolaj Frederik Severin Grundtvig

Påskemorgen slukker sorgen

1 Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

2 Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder,
himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!

3 Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde
for oss å møte,
for oss å møte i paradís.
Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris

N.F.S. Grundtvig 1843



**Me ønskjer alle i Seljord sokn
ein god og glad og velsigna
påskehøgtid**



Mi salme

Av Margit Gudveig Gravir

*No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid*

Ei kjend og kjær salme, som me song både heime og i kyrkja. Alle tolv strofene, ikkje bare dei to første og to siste. Alle blei så glade, synest eg, då me song «No livnar det i lundar». Ja, for då var det vår.

Etter kvart oppdaga eg at me ikkje bare song om sol og ljøs og vår, men òg om kulde og at Gud liksom gøymde seg. Det er ein annan og verre kulde enn den me kjenner på kroppen: «hjarta frys og klagar, det saknar sol og regn.» Men Gud forbarmar seg og sender sjelemedisin, gjevi på same måten som «dogg på turre jord». Den turre jordi er hard og treng væte for at noko skal kunne gro og vekse i henne. Like eins er det med innturka og stivna sinn.

Gå ut ein tidleg vårmorgon og doggdropane ligg der som blenkjande tårer oppå blad og blomar og den turre, svarte jordi. Me ser ikkje korleis det har gjengi til. Men at doggi gjer godt, finn me ut etter kvart. Gud græt i inderleg medkjensle med oss menneske. Dei tårane kan bløyte opp turre og tilstivna sinn, slik at det blir «liv i lande»: Ordet blir atter levande, det ljøsar og «tungebandet losnar» på nokon kvar av oss. Me kan til og med syngje «i kor». Enno ikkje, men ein gong «med vigsla tunge» og «med kjærleik heil og klår.»

Du vår med ljøse dagar
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong

då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!

Salmen «No livnar det i lundar,» blei første gong trykt og gjevi ut i eit lite hefte på Samlaget i 1875.



Blar me i dette heftet, finn me òg salmane «Med Jesus vil eg fara», «Jesus, du er den himmelveg», «No soli bakom blåe fjell», «No koma Guds englar», alle skrivne på landsmål av Elias Blix frå Gildeskål i Nordland. Allereie i 1869 hadde «det norske Samlaget» gjevi ut Nokre Salmar, gamle og nye. Men først i 1884 blei ein salme på landsmålet sunge i ei kyrkje. Det var i Høydalsmo soknekyrkje 2.joledag. Sokneprest i Lårdal og prost i Øvre Thelemarken vestfjeldske provsti drista seg då til å ta med ein salme på landsmålet. Det blei godt motteki av kyrkjelyden: «I Jole song me norske Salmar i kyrkja or den Boki, og Folk sagde, at dei totte det var vent og gjekk godt,» skreiv ein mann frå Høydalsmo i Fedraheimen, avisa Arne Garborg gav ut. Nyårsdagen 1885 song dei Blix-salme òg i hovudkyrkja i Lårdal. Men Kyrkjedepartementet godtok ikkje salmesong på landsmålet. (Kjelde bruka i dette avsnittet er boka til Anders Aschim: Elias Blix. Ein betre vår ein gong.)

«Gudleg Vaarsong» sette Elias Blix som overskrift på salmen «No livnar det i lundar». Så ho må kunne syngjast både i påska og i pinsa, ja, heile våren og heile året, til glede og trøyst. Den ljøse klangen, ord og ordgrupper som stadig blir tekne opp att og hektar oss på når me gløymer oss her og der, og den litt uhøgtidelege melodien tek oss med i lovsongen.

Eg utfordrar Signe Kvåle Rue til å velje salme i neste nummer.

Kirkens nødhjelp



FASTEAKSJONEN SUNDAG 6.APRIL KL. 17.00 – 19.00

Fasteaksjonen, er innsamlingsaksjon til hjelpearbeidet i Kirkens Nødhjelp Det er to overordna mål: Å redde liv og krevja rettferd.

Rundt i Noreg er det ca.40 000 bøsseberarar i aksjon frå 6.- 8.april.

Vi kan vera med «å forandre noko for andre» ved å vera bøsseberar, bli med på SPLEIS PÅ VIPPS 2426, invitera andre med til å bidra til støtte for Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon.

Bøsseberar? Kontakt Ingunn Liseter Tlf. 97682694.

«Husker du at du putter på den pengen i den bøssa og tenkte:

Jaja en dråpe i havet så ble det plutselig en brønn» Trygve Skaug.

➤ **SUNDAG 6.APRIL KL. 17.00 - 19.00**

- ÅMOTSDAL: Send invitasjon på SMS med bilete over, å bli med på SPLEIS med VIPPS nr. 2426.
- FLATDAL: Oppmøte Joker kl.17.00.
- SELJORD: Oppmøte kyrkjekontoret/Ønsket og elsket kl.17.00.

Konfirmantane gir panten til Fasteaksjonen. Kva gir du?

Berekraftmåla 1,2, 6, 16, og 17!

Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørken



- Det har vore tørke i Zambia og store delar av det sørlege Afrika sidan 2024.
 - *Langvarig tørke i det sørlege Afrika har forårsaka den verste svoltkrisa i regionen på fleire tiår, ifølgje FNs matvareprogram (WFP).*
 - *I Zambia er 12,2 millionar menneske råka av tørke.*
 - *Kirkens Nødhjelp og partnerane våre driv fleire prosjekt med klimasmart landbruk i Zambia.*
 - *I desse prosjekta har innbyggjarane fått auka tilgang på vatn. Dei lærer å dyrke på ein måte som krev lite vatn, og som gjer at dei kan dyrke heile året, også gjennom tørke. Det gir dei mat og inntekter.*

I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka. «Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygde over jorda og hakkar. Ansiktet til Catherine sprekk opp i eit stort smil. Dei andre kvinnene syng tilbake: «*Kom og sjå kva vi dyrkar her! Kom og sjå at vi plantar, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!*». I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelledriven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slargar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn. Det greier mange no, utan å vere avhengig av regnet, seier ho. Ein vasstasjon er òg sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønsakhagar heime.



Barnas

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymmer seg her?



Vits:

Har du høyr
om klovn
som slutta i jobben
fordi alle lo av
han?

Fargelegg!

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Teikning: Chiara Bertelli

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N




Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00

Vits:

Ei bekymra
snigelmor til barna
sine: – Ikkje løp
over vegen! Om
tre timar kjem
bussen!



Søndagsskolen – mer enn du tror

Taraldsmesse og konsert

Onsdag 12. Februar blei det arrangert Taraldsmesse og konsert i Seljord kyrkje. Messa gjekk føre seg på kyrkjegarden, omtrent der den gamle kyrkja – Taraldskyrkja - i Seljord sto.

Mykje folk deltok på den korte messa. Det var prosesjon fram til alterstaden til Taraldskyrkja. Salmen Folkefrelsar til oss kom blei sunge, og det var framseiing av truvedkjenning, skriftlesing og lysing av velsigninga. Messa blei leia av Frøydis Kivle og Dag Harald Undheim.

Desse skriftorda blei lese - frå profeten Jeremia kap 6:

Så seier Herren:
 Still dykk på vegane og sjå!
 Spør etter dei gamle stigane,
 etter vegen til det gode!
 Gå på den,
 så skal de finna kvile for dykkar liv.

Etter messa var det konsert i Seljord kyrkje – Kim Rysstad framførte Draumkvedet, for fullsatt kyrkje. I tillegg framførte han litt lokale visur og stev frå Setesdal.



Bilete av Kim Rysstad er teke av Dag Harald Undheim.
 Bilete frå Taraldsmessa er utført av Halvor Utvenes. Bilete av Kim Rysstad er teke av Dag Harald Undheim.

Seljord sokn
Brøløsvegen 48
3840 SELJORD

Kyrkjelydsbladet Helg og Høgtid for Seljord, Flatdal og Åmotsdal er avhengig av stønad for å dekke utgifter til trykking og produksjon av bladet.

**De kan betale inn til kontonummeret på denne giroen (2711 20 31826),
eller på Vipps til: #650484 Seljord sokn.**

Vi er takksame for alle gaver!

Betalingsinformasjon

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Helg og Høgtid
Brøløsvegen 48
3840 SELJORD

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

2711 20 31826

< >

Diktsamling av Svanhild Amdal Telnes

Svanhild Amdal Telnes, frå Seljord, er no ute med si tredje diktsamling. Boka har fått namnet “Munn mot tømmeret”.

Samlinga er komen ut på Gyldendal. Slik skriv forlaget i presentasjonen:

“Munn mot tømmeret” skildrar ein far som blir borte, og eit eg som forsøker å finne fram i verda i dette fråværet. Landskapet er heftig og omskifteleg: Frå jordskorpa som sprekk under døyande dyr, til regn på det trettande døgnet. Men innimellom finst det òg parentesar av sommar, med kortslege gras i frukthagen og ripsflekke på shortsene.

Svanhild Amdal Telnes si tredje diktsamling blanda sorg og livsglede i ei rekke konsentrerte dikt, som til saman blir ei forteljing om kva ein far etterlèt seg.

I slutten av januar var Svanhild i Seljord og presenterte diktsamlinga. Då las ho høgt

for eit stort publikum - både på Seljord bibliotek og på Seljord misjonshus.

Oslo Sporveier har bestemt at ein av tekstane frå samlinga skal pryde trikkar og sporvogner i mars månad 2025. Slik er denne teksten:

*eg skulle ynskje
eg var ein kval
det mørke havet
ikkje ein avgrunn,
men ein heim*



Svanhild Amdal Telnes les frå si eiga diktsamling på Seljord misjonshus.

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord
Tlf. 35 05 80 80

www.dyrud.no
post@dyrud.no



Når du trenger elektriker

GUNSTEIN DRAUGEDALEN

i Seljord kyrkje 29.april

Songaren, komponisten og diktaren Gunstein Draugedalen kjem til Seljord kyrkje 29. april kl 19,00. Draugedalen debuterte som plateartist i 1964, og har sidan gjeve ut 40 soloplater. Cd-en «Blott en dag» vart i 2007 kåra til årets beste kristne plate. Draugedalen har tonesett diktarar som Knut Hamsun, Trygve Bjerkrheim, Åse-Marie Nesse, Trygve Naper, Oddmund Haugen og Haldis Reigstad. I seinare år har Draugedalen sjølv markert seg som diktar, og vi vil denne kvelden bli kjende med både tekst og tonar frå hans hand.

Pris per person for konserten:


Kroner 200,00. Billettar kan tingast på vippsnummer 650484.

Samstundes som du vippsar må du sende ein mail til kjetil@seljordkyrkje.no, og melde navn på den/dei du har kjøpt billett for. Det vil vere mogeleg å kjøpe billett i døra.

Seljord kyrkje har eit maksimumtal på 125 ved konsertar. Her gjeld prinsippet fyrste mann til mølla..

Etter konserten blir anledning til å helse på Draugedalen, samt kjøpe produkter han står bak.

Meir informasjon kjem på Seljord sokn sine ulike informasjonskanalar på nettet.



Gunstein Draugedalen skal halde konsert i Seljord kyrkje 29. April kl 19,00



DUGNAD I KYRKJENE VÅREN 2025

- Seljord kyrkje
måndag 5.mai kl. 16.30 →
- Flatdal kyrkje
tysdag 6. mai kl. 16.30 →
- Åmotsdal kyrkje
onsdag 7.mai kl. 16.30 → kan bli utsatt

Kaffi, saft og biteti.

Ta gjerne med rive og hansker.

Saman tek vi vare på kyrkjene våre.

Bli med på det du kan.

Berekraftmål 11: Bærekraftige byer og lokalsamfunn.

Berekraftmål 17: Samarbeid får å nå måla.

Ansvar for gravstad

Det går mot vår. Me ønskjer at kyrkjegardane våre skal vere som smykke i bygda. For at me skal få dette til, er me avhengige av at kvar einskild tek del i arbeidet. Kyrkjetenarane klypper graset så nært gravene som mogleg med traktorklypparen. Området kring sjølve grava er det den einskilde festar som har ansvaret for.

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERER**

KLÆR

T. TVEITAN 1/3

**INTERIØR-
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Landstaddagar og midtsommarmarkering 2025

Dette året skal det atter ein gong arrangerast Landstaddagar i Seljord. Det er Seljord sokneråd som står som arrangør, saman med styret for Nasjonalt Landstadsenter.

Tidspunkt for arrangementet er 21. - 22. Juni.

Slik ser programmet ut:

Laurdag 21. Juni

Kl 15,00: Samling på Nutheim i Flatdal. Foredrag av statsstipendiat Ørnulf Hodne, med tema St. Hansskikkar i Noreg. Servering av kaffe og kringle.

Dessutan vil det bli lansering av band 7 i bokserien Landstads skrifter. Band 7 har tittelen Sange og Dikte.

Same dagen, laurdag 21. Juni, skal det vere midtsommarkonsert i Flatdal kyrkje. Tittelen på konserten skal vere Den blomstertid nå kommer, og domorganist Kåre Nordstoga vil vere ansvarleg for innhald og opplegg. Kjetil Bergheim vil og delta.

Slik skriv Wikipedia om Kåre Nordstoga:

Kåre Nordstoga har vært domorganist i Oslo domkirke i 40 år.

Han blir omtalt som en av de fremste konsertorganistene i Europa. Med sin oppvekst i Telemark har Nordstoga en forkjærlighet for norsk folkemusikk og har deltatt på rekke plateinnspillinger med norske folkemusikere. For platen Bjølleslått som han ga ut sammen med Knut Buen og Leif Rygg fikk han Spellemannprisen 1994 i klassen folke-musikk/gammaldans. For soloinnspillingene sine har han vært nominert flere ganger. Han vant Lindemanprisen i 2006.

Etter konserten vil det vere mogeleg å ete middag på Nutheim.

Sundag 22. Juni

Pilegrimsvandring på Skarsvegen, frå Svartdal til Åmotsdal. Oppmøte i Svartdal kl 10,00. Mykje program undervegs. Dei som ikkje kan gå heile vegen, kan køyre frå Svartdal og opp til Skarstjønni. Her vil det vere program.

Vandringa blir avslutta med folkemusikkmesse i Åmotsdal kyrkje kl 17,00. Enkel servering i samband med messa.

Det blir ordna skyss frå Åmotsdal til Svartdal, for dei som må attende for å hente bilane sine.

Prisar

Desse prisane gjeld for laurdagen:

Samling på Nutheim kl 15,00 og konsert i Flatdal kyrkje kl 17,00 kostar kroner 300,00.

Vil du berre delta på foredraget på Nutheim, kostar det kroner 200,00, medan berre konserten kostar kroner 250,00

Middag på Nutheim etter konserten kostar kroner 560,00.

Vil du ha med deg full pakke – samling på Nutheim, midtsommarkonsert i Flatdal kyrkje og middag på Nutheim - så kan du få dette for totalt kroner 700,00.

Sundagen kostar ikkje noko.

NB. Vil du ha overnatting på Nutheim Gjestgiveri, kan du kontakte Nutheim direkte på telefon 975 42 705.



Foto: Tomas Carlström.

Fjellmesse på Kjos i Åmotsdal



Biletet er frå ei tidlegare filuftsmesse på Kjos.

Tradisjonen tru skal det vere fjellmesse i Åmotsdal i juli månad. Årets messe skal vere på Kjos, og tidspunktet er 20. Juli kl 14,00. Det vil vere mogeleg å køyre nesten heilt fram til messestaden. Ta med noko å sitje på

Det vil bli tradisjonelt program, med mykje vekt på song og musikk. Det er opna for dåp på denne messa.

Når messa er slutt, vil det vere høve til å kaupe mat og drikke.

Alle er velkomne.



Seljordvarme.no

Spesialister på peis og varme!

Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

Korsvei 2025



Velkomen til Korsvei 2025. Biletet tilhøyrrer Korsvei, og er brukt med tillating frå eigar.

Sommaren 2025 skal det vere Korsveifestival i Seljord.

Kva er Korsveifestival ? Slik presenterer dei seg sjølve:

På Korsvei 2025 vil vi samles om han som er hjertet i bevegelsen, Jesus Kristus. Han som inviterer oss inn til fortrolig fellesskap med seg selv og med hverandre.

Korsveifestivalen er for alle aldersgrupper og livssituasjoner. Vi er sammen på tvers av generasjoner samtidig som barn og tenåringer har sitt eget program innenfor den store festivalramma.

På festivalen lever lek og kreativitet sammen med fordypningen, de store samfunnstemaene, den meditative bønne, og mye mer.

Festivalen skal arrangerast i tidsrommet 15. - 20. juli. Sjølv om festivalen er eit arrangement med påmelding og deltaking i eit stort opplegg, vil det likevel vere enkeltarrangementer som er opne for bygda. Eitt av desse opne arrangementa er konsert torsdag 17. juli med Kim Rysstad, Jonas Kilmork Vemøy og Tord Gustavsen. Konserten vil ta utgangspunkt i albumet Villfaranda barn som desse tre har utgitt.

Dessutan vil messa på Dyrskuplassen søndag 20. juli vere open dei som ikkje har vore med på heile festivalen.

Vil du vite meir ? Gå til nettstaden www.korsvei.no

Velkomen til Korsvei 2025

Konfirmantjubileum 2025

Til hausten skal det vere konfirmantjubileum i Seljord.

Det blir samling for dei som blei konfirmerte i Seljord, Flatdal og Åmotsdal 1974 og 1975. Samlinga vert i Seljord kyrkje sundag 5. oktober 2025. Denne sundagen vert det eigen jubileumsgudsteneste i kyrkja kl 11,00. Etter messa vert det samling på misjonshuset med mimring og servering.

Tidlegare konfirmantjubileum har nokon gonger vore kombinert med klasses treff på laurdagen. Dette oppmodar me gjerne til å gjenta – men slikt treff – og eventuelt anna program på sundagen enn gudsteneste og samling på misjonshuset må kulla stå for sjølve.

Eige skriv i posten til alle me har postadresse til. Har du ikkje fått skriv, kan du sende e-post til post@seljordkyrkje.no. Hugs å gjeve melding om du eventuelt har med deg følge på samlinga.

Vel møtt til jubileum 5. oktober 2025.

DHU



Seljord kyrkje september 2024

Velkommen til dåp

Kjære foreldre. Gratulerer med det nyfødte barnet!

Vi i Seljord sokn vil gjerne dele gleden med dere og ønsker velkommen til dåp.

Tidligere fikk kirkekontoret tilsendt fødselsmeldinger fra sykehusene slik at vi kunne sende invitasjoner til de nybakte foreldrene, men det har vi ikke anledning til lenger på grunn av personvernloven.

Når

De fleste døpes i løpet av de tre første månedene, men noen barn er eldre. Og nesten hvert eneste år har vi dåp av konfirmanter som ikke ble døpt som barn, men som velger å tilhøre kirken gjennom dåp og konfirmasjon.

Hvordan

Når dere har bestemt dere for dåp, går dere inn på nettadressa seljordkyrkje.no/livetsgang og registrerer opplysninger der. Her ser dere hvilke datoer som er aktuelle for den enkelte kirke.

Valg av navn

Barnets navn registreres i Folkeregisteret, før dåp.

Faddere

Barnet må ha to til seks faddere. Disse



Velkommen til dåp i kyrkjene våre

– Manndal, Åmotsdal, Flatdal eller Seljord.

må være over 15 år (eller konfirmant) og skal normalt være medlem i Den norske kirke. Å være fadder innebærer å hjelpe barnet til kristen tro, men det viktigste er å ha omsorg for det. Fadderne kan gjerne bidra med tekstlesing eller andre gjøremål under dåpen.

Dåpssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert, får dere en bekreftelse på dette og blir invitert til dåpssamtale med presten.

Pris

Kva kostar dåp, spør mange? Dåp er gratis

For spørsmål ta kontakt med Soknepresten i Seljord. Se gjerne også Den norske kirkes hjemmeside, www.kirken.no/dåp.

(Denne teksta er lånt av kyrkjebladet til Sauherad og Nes. Sokneprest Anne Inger Lunner har skrevet den.)

Velkommen til dåp



Lydanlegga i kyrkjene

Som medlem i soknerådet blir vi oppfordra til å skrive i Helg og høgtid om vi har idéar eller saker vi brenn for.

Soknerådet har handsama vedlikehaldsplan for kyrkjene. Det er umetteleg av vedlikehald og investeringar som skulle ha vore gjort på desse bygningane. Og det er ikkje vanskeleg å forstå at slitasje tærer på; både inne og ute. Vi som innbyggjarar ynskjer at desse viktige kulturhistoriske bygningane er i så god stand at dei toler klimaendringane og slitasje. Dei aller fleste av oss er innom kyrkja på ein eller annan måte i løpet av livet.

I dei tre kyrkjene våre i Åmotsdal, Flatdal og Seljord er det «eit slags» lydanlegg. Slike anlegg blir utdaterte etter ei tid. Det er viktig å leggje til rette for at alle kan få med seg det som vert sagt, sunge eller spelt i kyrkjene våre.

Mor mi brukte høyreapparat frå ho var 40 år fram til ho døde 93 ½ år. Ho var ikkje redd for å seie ifrå og kome med gode idéar. Difor oppmoda ho fleire til å gje minnegåve til lydanlegg i kyrkja heime i Hornindal ved gravferder. Mor var veldig glad i blomster, men ho syns det ofte vart altfor mykje blomster i ein del gravferder. Kven fekk glede av at blomstrane vart liggande på grava ei lita stund inntil dei vart kasta i søppelkonteinaren?

Då mor sjølv døde visste vi syskjena at minnegåva skulle gå til noko i kyrkja. I dødsannonsen stod det: «Mor fekk blomster medan ho levde. Denne gangen ønskjer vi heller ei gåve til Hornindal kyrkje.»

Så kvifor ikkje tenkje på det når ein av våre kjære dør. Spar på blomstrane, gje minnegåve til noko som viser att og som kan glede andre i ettertida. Lydanlegga i kyrkjene i Seljord sokn er på tide å oppgradere eller skifte ut slik at alle får ei god oppleving når dei er i kyrkja ved dåp, konfirmasjon, bryllaup, gravferd, gudsteneste eller konsert.

Torunn Räftevold Rue

Noter deg dette

Årsmøte i Seljord sokn

Sundag 1. juni skal det vere årsmøte i Seljord sokn etter messa i Flatdal kyrkje. Det blir gjennomgang av vanlege årsmøtesaker som årsmelding og rekneskap.

Avskjed med sokneprest

Sundag 29. juni 2025 skal Dag Harald Undheim ha si siste messe i Seljord kyrkje kl 11,00. Det vil i samband med dette bli skipa til ei markering av denne hendinga. Meir info kjem på kyrkja sine ulike nettstader.

Slekt skal følge slekters gang

Døypete

Seljord

Ronja Strømstad Berge

Flatdal

Jenny Skårnes Skogsfjord

Døde

Seljord:

Åsfrid Ståland

Thomas Andreas Gram

Halgeir Kaasa

Andreas Kåsa

Gunvald Venås

Knut Dyrland

Arne Magnushommen

Sigrunn Gerd Gravalid

Åmotsdal:

Åse Randi Grasbekk

Johans Myrbøen

Treng du

- Nokon å snakka med?
- Ein lyttar?
- Forbøn?

Livet går ikkje alltid på skinner. Iblant strevar vi. Det kan vera hendingar i livet som er vanskeleg å takle og finna ut av eller du lurar på noko? Medarbeidar i kyrkja har erfaring og kompetanse til å møta menneskje med ulike behov og livssituasjonar.

Tilbodet er gratis og vi har teieplikt.

Sokneprest

Dag Harald Undheim

Tlf: 907 78 921

E-post: dag.harald@seljordkyrkje.no

Diakon

Ingunn Liseter Tlf: 976 82 694 E-post:

ingunn@seljordkyrkje.no

ALLTID OPEN KIRKENS SOS

TLF. 22 40 00 40 soschat.no

kirkens-sos.no.

Konfirmantane i seljord på laurdagssamling

På sporet av kven Gud i Bibelen med bla. små filmar frå bibelprosjektoren til Bibelselskapet, rap med dei 10-boda mm. Mange filosofiske, kloke spørsmål og undring om store spørsmål kva tru og von betyr for enkeltmennesket og i verda i dag.



Engasjerte ungdomar samla ilag ved langbordet i Flatdal kyrkje.

Gudstenester

Palmesundag – 13. april

Flatdal kyrkje kl 11,00
Offer: Misjonsprosjekt NMS

Skjærtorsdag – 17. april

Åmotsdal kyrkje kl 11,00
Skjærtorsdagsmesse
Offer: Kirkens SOS Telemark
Nutheim kl 19,00
Nattverdmesse
Offer: Ungdomsarbeidet

Langfredag – 18. april

Seljord kyrkje kl 11,00
Pasjonsmesse
Offer: Kirkens SOS Telemark

Påskedag – 20. april

Seljord kyrkje kl 11,00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

Påskedag – 20. april

Svartdal kapell kl 15,00
Påskedagsmesse
Offer: Kirkens SOS Telemark

3.s. i påsketida – 04. mai

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Kvitsund gymnas

4.s. i påsketida – 11. mai

Flatdal kyrkje kl 11,00
Offer: Kvitsund gymnas

Grunnlovsdagen – 17. mai

Seljord utandørs kl 10,30
Flatdal kyrkje kl 12,00
Åmotsdal kyrkje kl 14,30
Offer: Barnearbeidet

6.s. i påsketida – 25. mai

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Sundag før pinse – 01. juni

Flatdal kyrkje kl 11,00
Samtalegudsteneste
Offer: Kyrkjelydsarbeidet
Årsmøte for soknet etter messa.

Pinsedag – 08. juni

Seljord kyrkje kl 11,00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

2.s.i treeiningstida – 22. juni

Åmotsdal kyrkje kl 17,00
Folkemusikkmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

3.s.i treeiningstida – 29. juni

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

4.s.i treeiningstida – 06. juli

Flatdal kyrkje kl 11,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

5.s.i treeiningstida – 13. juli

Seljord kyrkje kl 19,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

6.s.i treeiningstida – 20. juli

Kjos i Åmotsdal kl 14,00
Friluftsmesse
Offer: Helg & Høgtid

Olsok – 29. Juli

Seljord kyrkje kl 19,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

8.s.i treeiningstida – 03. aug

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Seljord Misjonshus

9.s.i treeiningstida – 10. aug

Manndal kapell kl 11,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet
Servering etter messa

Konfirmasjon 16.aug

Åmotsdal kyrkje kl 11,00
Offer: Ungdomsarbeidet

Konfirmasjon 17.aug

Flatdal kyrkje kl 11,00
Offer: Ungdomsarbeidet

Konfirmasjon 23.aug

Seljord kyrkje kl 10,30
Seljord kyrkje kl 12,00
Seljord kyrkje kl 13,30
Offer: Ungdomsarbeidet

Konfirmasjon 24.aug

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Ungdomsarbeidet

13.s.i treeiningstida – 07. sept

Flatdal kyrkje kl 11,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

14.s.i treeiningstida – 14. sept

Dyrskuplassen kl 11,00
Familegudsteneste
Offer: Kirkens nødhjelp

15.s.i treeiningstida – 21. sept

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Normisjon Telemark

17.s.i treeiningstida – 05. okt

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Trusopplæringa

18.s.i treeiningstida – 12. okt

Flatdal kyrkje kl 11,00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

19.s.i treeiningstida – 19. okt

Åmotsdal kyrkje kl 11,00
Offer: Kvitsund gymnas

Helgemesse – 02. november

Åmotsdal kyrkje kl 11,00
Flatdal kyrkje kl 16,00
Seljord kyrkje kl 19,00
Minnegudsteneste
Vipps-offer: Kirkens SOS Telemark

22.s.i treeiningstida – 09. nov

Seljord kyrkje kl 11,00
Offer: Kirkens bymisjon Telemark

23.s.i treeiningstida – 16. nov

Flatdal kyrkje kl 11,00
Offer: Kirkens bymisjon Telemark

1.s.i adventstida – 30.nov

Flatdal kyrkje kl 11,00
Åmotsdal kyrkje kl 17,00
Ljosmesse bae stader.
Offer: Trusopplæringa

Endringar kan koma

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

